

Vedlegg – eigedomsskatten

Kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar:

Produksjonsutstyr og -installasjonar er fritatt for eigedomsskatt f.o.m. 2019. Dette får følgjer m.a. for kraftkrevjande industri, raffineri, dataanlegg i store datasentra og kraftlinjer, og inneber at skattegrunnlaget berre skal vera verdien av "bygget", ikkje "maskinane", i motsetning til korleis det var t.o.m. 2018. Verksemdar med store produksjonsanlegg har fått dei største lettene (og dei aktuelle kommunane vil då få det største inntektsbortfallet). Eksempel er raffineriet på Mongstad (Lindås kommune), Hydro aluminium (Karmøy og Sunndal), Ineos Rafnes (Bamble). Vasskraftanlegg, vindkraftanlegg og anlegg som er omfatta av særskattereglane for petroleum, har ikke blitt omfatta av lovendringa.

Lovendringa blir fasa inn gradvis inn over sju år, slik at i 2019 fekk endringa 1/7-effekt (kommunane kunne framleis skattleggja 6/7 av dei gamle verdiane til maskinane). I 2020 blir denne effekten trappa opp til 2/7, i 2021 til 3/7 osv., slik at lovendringa først vil vera fullt innfasa i 2025.

Lovendringa får følgjer for nærare 350 kommunar. KMD har anslått at desse taper i alt ca. 730 mill. kroner på lovendringa ved full innfasing. Effekten i 2019 blir då 1/7 av dette, dvs. ca. 104 mill. kr.

Stortinget vedtok at kommunane skulle få tilnærma full kompensasjon for inntektsbortfallet. Kompensasjonen er avgrensa oppover til 500 mill. kroner. Som følgje av at lovendringa blir fasa inn over sju år, svarar kompensasjonen for 2019 til 1/7 av maksimal kompensasjon på 500 mill. kr. I 2019 er det blitt utbetalt 71 mill. kr (=1/7 *500 mill. kroner) i skjønsmidlar til kommunar som tapte på ordninga. Kommunane sett under eitt blir dermed kompenserte for om lag 2/3 av tapet.

Dei økonomiske konsekvensane for den enkelte kommune spriker mykje. For mange kommunar er utslaga, målt i kroner per innbyggjar, relativt små. For andre kommunar er utslaga betydelege. I fordelinga av kompensasjonen blei kommunane i 2019 gitt full kompensasjon ut over en eigendel på om lag 17 kroner per innbyggjar. Dette inneber at kommunane som fekk størst reduksjon i inntekter blir prioriterte (i alt 115 kommunar), og desse blei kompenserte med ein større del av inntektsreduksjonen. Kommunar med mindre tap blei ikke kompenserte i det heile tatt (229 kommunar).

I 2020 framgår kompensasjonen av tabell C i Grønt hefte. I alt 143 mill. kr (= 500 mill. kroner * 2/7) er fordelt særskilt for å kompensera kommunane i 2020. Beløpet for den enkelte kommune er tilnærma lik 2019-beløpet gonga med to. Tilsvarande vil den kommunale eigendelen omtrent dobla seg. Kommunar med eit tap lågare enn ca. 32 kr per innb. vil ikkje bli kompenserte i 2020.

Harmonisering av eigedomsskatt ved kommunesamanslåing - ny overgangsordning

Regjeringa føreslår ei ny overgangsordning i eigedomsskattelova for eigedomsskatt ved kommunesamanslåing. Forslaget vil leggja til rette for at samanslegne kommunar harmoniserer eigedomsskatten i den nye kommunen slik at desse kommunane ikkje taper inntekter frå eigedomsskatten ved å slå seg saman. Forslaget fører samstundes ikkje til ein brå auke i eigedomsskatten for bustad- og fritidseigedom og næringseigedom frå eit år til eit anna.

Det blir føreslått at kommunane i ein overgangsperiode på 3 år kan auka satsane med inntil 1 promilleeining på bustad- og fritidseigedom, og 2 promilleeiningar på næringseigedom per år. Det er valfritt om kommunen byrjar samordning det første eller andre året etter samanslåinga. For

samanslåingskommunar som trer i kraft frå 1. januar 2020, inneber det ein valfridom mellom oppstart i 2020 eller i 2021. Kommunane kan då tilpassa overgangsperioden til dei lokale tilhøva. Dersom kommunane vel å utsetja oppstart av overgangsperioden, vil tilhøva i dei samanslegne kommunane med omsyn til eigedomsskatt bli verande uendra det første året etter samanslåinga.

Denne valfridomen når det gjeld tidspunkt for oppstart av overgangsordning gir kommunane for eksempel meir tid til å gjennomføra ei taksering. I overgangsperioden kan ulike delar av den nye kommunen ha ulike satsar for eigedomsskatt på same type eigedom. Overgangsperioden skal brukast til å harmonisera eigedomsskatten i den nye kommunen.

Nye regler trer i kraft frå og med eigedomsskatteåret 2020. Det vil koma eit brev frå KMD om dette i nær framtid.